

**SAK 48/20 MANGLANDE OPPFØLGING AV BUDSJETTVEDTAK
2020: OM BARNETRYGD HALDAST UTANFOR
BEREKNINGSGRUNNLAG VED SOSIALHJELP. ORIENTERING VED
KOMMUNEDIREKTØR ASTRID J. EIDSVIK.**

Bakgrunn: frå kontrollutvalet si møtebok 9. desember 2020.

Kontrollutvalsmedlem Knut Helge Vestre viste til mottatt epost frå kommunestyremedlem Malena Strømmen Malakzadeh. Denne eposten omhandla manglande oppfølging av tidlegare kommunestyrevedtak om å halde barnetrygd utafør berekning av sosialhjelp stønad. Kontrollutvalet diskuterte innhaldet i eposten og dei ulike opplysningane som kom fram der. Sekretariatet kjende ikkje til saka og ingen fakta opplysningar var henta inn på førehand.

Kontrollutvalet blei einige om å invitere kommunedirektør Astrid Eidsvik til møte før jul for å få ei nærare orientering kring manglande oppfølging av vedtaket og årsaka til dette. Sekretariatet kontaktar kommunedirektør Astrid J. Eidsvik for eit slikt møte.

Vurdering:

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram (sjå vedlegg: epost frå kommunestyremedlem Malena Strømmen Malakzadeh og kopi av sjølve budsjettvedtaket), og som no er forventa å verte nærare belyst i kontrollutvalsmøtet, bør utvalet seinare kunne ta stilling til eventuell vidare handsaming. For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å få ei nærare orientering frå kommunedirektøren.

Orienteringa vil kunne gje svar på om spørsmåla frå Malena Strømme Malakzadeh er tilstrekkeleg belyst eller om det er behov for ytterlegare oppfølging og undersøkingar.

Ein bør søke å få svar på kvifor vedtaket ikkje er fylgt opp, manglande rapportering til kommunestyret og årsak til manglande inndekning. Det er og viktig at kommunedirektøren får høve til å klare opp eller rette eventuelle feile påstandar eller korrigere opplysningar som er feil framstilt.

Kontrollutvalet bør sjølv fremme forslag til vidare handsaming i kontrollutvalet med bakgrunn i dei svara som kjem fram i orienteringa til kommunedirektøren.

Sala leggst fram som ei orienteringssak utan tilråding til vedtak i denne omgang.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

